



Øystre Slidre kommune  
*- rein naturglede!*

## Planprogram – Kommunedelplan for naturmangfold




## Innhaldsliste

1. Føremål og bakgrunn .....	2
2. Målsettinga med kommunedelplanen.....	3
3. Relevante lover og føringer for planen .....	4
3.1 Internasjonale avtalar .....	4
3.2 Nasjonale lover og føringer.....	4
3.3 Regionale og lokale retningslinjer.....	6
4. Utfordringar for naturmangfaldet .....	6
4.1 Nasjonalt.....	6
4.2 Øystre Slidre kommune .....	7
5. Naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune .....	7
6. Planprosess og framdriftsplan.....	8
7. Medverknad.....	9

## 1. Føremål og bakgrunn

Føremålet med planprogrammet er å sikre god medverknad i planprosessen og eit godt innhald i kommunedelplanen.

Naturmangfold kan kort forklarast som alle variasjonar av liv i naturen vår. Det omfattar alle dyr og plantar i dei ulike økosistema. Kvar art har ein eigen funksjon som bidreg til at økosistema fungerer og samhandlar med kvarandre, noko som gjev samfunnet verdifulle tenester, kalla økosystemtenester.



Figur 1, Illustrasjon av naturmangfold. Figuren er utarbeida av Nyheitsgrafikk. Hente frå Meld. St. (2015-2016), s. 14.

Det nasjonale arbeidet for å bevare naturmangfold framhevar kor viktig kommunane er. Dette gjeld særleg den avgjerande rolla kommunane spelar i arealplanlegginga, men også vår heilskaplege tilnærming til utviklinga av lokalsamfunna.

Regjeringa skriv i Meld. St. 14 (2015-16) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold:

*«En planlegging for boligbygging, næringsutvikling, samferdselsanlegg mv. som også ivaretar hensynet til naturmangfold, forutsetter god samhandling og bevisst prioritering i arealforvaltningen. Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdelen gir kommunen anledning til å se hele kommunens areal, på land og i sjø, i sammenheng. Både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen er velegnet for langsigte prioriteringer på et overordnet nivå, herunder hva angår bevaring av viktige miljøverdier.»*

I den sama stortingsmeldinga blir og kommunane oppfordra til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald, og det står:

*«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»*

Vi skal sikre biologisk mangfald og ta vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet står det i kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032 for Øystre Slidre kommune.

Det er dette vi ynskjer å oppnå med ein kommunedelplan for naturmangfald. Ved å auke kunnskapsgrunnlaget og få ei samanstilling av eksisterande og ny kunnskap vil planen kunne nyttast som eit verktøy for å sikre og skjøtte naturmangfaldet i kommunen på best mogleg måte.

## 2. Målsettinga med kommunedelplanen

Hovudmålet med planen er å kartlegge og synleggjere naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune. For å samle inn eksisterande kunnskap skal det gjennomførast litteraturstudium av publisert materiale. Gjennom høyringsprosessar, arbeidsgrupper og temamøte vil ein fange opp mest mogleg av den lokale kunnskapen.

Andre målsettingar med kommunedelplanen for naturmangfald:

- Etablere eit godt kunnskapsgrunnlag for rulleringane av kommuneplanens arealdel
- Samle informasjon om naturmangfald som er kjent for innbyggaren, men som ikkje er kartfestet
- Få innsyn og auke kompetansen om forvaltning av natur og dei ulike artane i Øystre Slidre kommune blant politikare og internt i kommunens eigen administrasjon
- Samle informasjon, lage oversikt over verdifulle naturtypar og arter i Øystre Slidre kommune og gjera desse tilgjengelege
- Vurdere dagens tilstand av ulike naturområde og artar, og vurdere eventuelle tiltak for desse
- Kartlegge og synleggjera kommunens utfordringar med å ta vare på naturen

Kommunedelplanen vil vonleg bli eit viktig verktøy for kommunen, slik at ein samla sett kan ta avgjersler basert på oppdatert kunnskap om naturmangfaldet. Med slik kunnskap vil ein få meir forutsigbarheit med tanke på framtidig arealforvaltning, meir effektive planprosessar og forhindre konfliktar og motsegn i planarbeid.

## 3. Relevante lovar og føringar for planen

### 3.1 Internasjonale avtalar

*FNs naturavtale:* Denne avtalen, også kjent som Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework, blei vedteken på COP15 i 2022. Avtalen har som mål å stoppe tapet av naturmangfald og gjenopprette øydelagt natur. Eit av hovudmåla er å verne 30 prosent av all natur på land og i havet innan 2030.

*Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD):* Denne konvensjonen, som blei vedteken i 1992 og trådde i kraft i 1993, har som mål å varetake biologisk mangfald, fremje berekraftig bruk av naturressursar og sikre rettferdig fordeling av fordelane frå bruk av genetiske ressursar.

*Parisavtala:* Ein internasjonal klimaavtale vedteke i 2015 på FNs klimakonferanse. Avtala inneheld føresegner for mellom anna utsleppsreduksjonar og klimatilpassing.

*FNs naturpanel:* Naturpanelet har organisert og gjort tilgjengeleg kunnskap som skal styrke samarbeidet mellom forskning og forvaltning. Dei gjev også råd om korleis man kan forhindre tap av biologisk mangfald og økosystem. Naturpanelet har identifisert og rangert dei viktigaste årsakene til tap av biologisk mangfald:

- Endra arealbruk
- Direkte utnytting av organismar
- Klimaendringar
- Forureiing
- Spreiing av framande, skadelege arter til nye områder

*FNs Berekraftsmål:* Berekraftsmåla er ein felles arbeidsplan for heile verda, der ein jobbar for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Innarbeiding av berekraftsmåla i alle kommunale og private planar vil få stort fokus i tida framover.

### 3.2 Nasjonale lover og føringar

*Grunnlova § 112:*

«Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten og for kommande slekter. Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førra ledet.»

*Statlege planretningar for arealbruk og mobilitet:* Formålet med desse retningslinjene er å sikre ei samordna og berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging, samt bidra til meir effektive planprosessar.

*Statlege planretningar for klima og energi:* Formålet med desse retningslinjene er å sikre at klima og energi vert vektlagt i planlegging etter plan- og bygningslova og i offentleg verksemder som omhandlar klimagassutslepp og klimaendringar.

*Naturmangfaldlova:* Denne lova, som trådde i kraft i 2009, har som føremål å sikre at naturmangfaldet blir teke vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Lova legg vekt på førevar-prinsippet og økosystemtilnærminga.

*Plan- og bygningslova:* Denne lova regulerer arealplanlegging i Noreg og er viktig for å sikre at naturmangfaldet blir teke omsyn til i kommunal og regional planlegging.

*Vassressursloven:*

«Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn.»

*Motorferdselslova:* Formålet med denne lova er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag for blant anna verne om naturmiljøet.

*Jordlova:* Jordlova har som mål å sikre at jord, skog og fjell vert brukt på ein samfunnsgagnleg måte, med omsyn til både noverande og framtidige generasjonar. Dette inkluderer å verne om naturmangfaldet ved å hindre at dyrka jord vert brukt til ikkje-jordbruksformål utan nødvendig godkjenning.

*Skogbrukslova:* Skogbrukslova fremjar ei berekraftig forvaltning av skogressursane med sikte på aktiv verdiskaping, samtidig som ein sikrar det biologiske mangfaldet, landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

*Friluftslova:* Friluftslova har som formål å verne naturgrunnlaget for friluftsliv og sikre allmennheita sin rett til ferdsel og opphold i naturen.

*Forureiningslova:*

«Formålet med Forureiningslova er å verne det ytre miljø mot forureining, redusere eksisterande forureining og avfall, og å fremme god avfallshandtering. Loven skal sikre en forsvarleg miljøkvalitet, slik at forureining og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og sjølvfornyelse»

*Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald:* Denne stortingsmeldinga legg fram regjeringa sin strategi for å bevare naturmangfaldet i Noreg. Den understrekar viktigeita av kommunane si rolle i arealforvaltninga og bevaring av naturmangfald.

*Meld. St. 35 (2023-2024) Berekraftig bruk og bevaring av natur:* Denne stortingsmeldinga legg fram regjeringa sin handlingsplan for natur, og deira strategi for berekraftig bruk av naturen og bevaring av naturmangfald.

*Stortingsmelding 40 (2020-2021) «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå berekraftsmåla innan 2030:* Meldinga er regjeringa sin plan for korleis Noreg skal nå berekraftsmåla. Meldinga går gjennom dei 17 berekraftsmåla og dei 169 delmåla, og omtalar utfordringane for Noreg og regjeringa sin politikk på desse områda.

*Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027:* Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. Forventningane skal også leggjast til grunn av statlege styresmakter når dei medverkar i planlegginga.

*Verneplan for vassdrag (I, II, III, IV):* Stortinget vedtok Verneplan for vassdrag i 1973, 1980, 1986, 1993, 2005, 2009 og 2018. (Verneplan I, II, III, IV, supplerings, avsluttande supplerings og Prp. 35 S). Verneplanen, som består av 390 objekt, omfattar ulike vassdrag som til saman skal utgjere eit representativt utsnitt av Noregs vassdragsnatur. Hensikta med verneplanen er å sikre heilskaplege nedbørfelt med sin dynamikk og variasjon frå fjell til fjord. Vernet gjeld først og fremst mot vasskraftutbygging, men verneverdiane skal også takast omsyn til ved andre inngrep.

### 3.3 Regionale og lokale retningslinjer

I Øystre Slidre kommune er det fleire regionale og lokale retningslinjer som er relevante for naturmangfald:

*Regional plan for vassforvaltning:* Vassforskrift for Innlandet og Viken vassregion som skal sikre god vassforvaltning.

*Verneplan for Øystre Slidreåne naturreservat:* Denne planen har som mål å bevare eit variert område med gamal barskog, bekkekløftmiljø, sumpskog, gamal lauvskog og kalkrik skog. Området er viktig for sjeldne, sårbare og truga artar.

*Sti- og løypeplan 2022-2026:* Denne planen fokuserer på å leggje til rette for fysisk aktivitet samtidig som den tek omsyn til naturmangfald. Planen inkluderer tiltak for å redusere konfliktar mellom reiseliv og landbruk, og sikrar tilgang til rekreasjonsområde.

*Kommuneplanens samfunnsdel 2020-2032:* Denne planen understrekar viktigheten av å redusere arealinngrep som kan skade naturmangfaldet. Det er eit spesielt fokus på å gjere innbyggjarar og hytteigarar merksame på betydninga av å bevare naturen.

*Planstrategi 2024-2027:* Strategien legg vekt på å fremje berekraftig utvikling og å ta vare på naturmangfaldet i kommunen. Dette inkluderer tiltak for å redusere arealinngrep som kan skade naturen, og å sikre at verneverdiane blir varetakne ved ulike inngrep. Planstrategien understrekar også betydninga av å integrere FN sine berekraftsmål i planlegginga, noko som inkluderer mål for å bevare biologisk mangfald.

## 4. Utfordringar for naturmangfaldet

### 4.1 Nasjonalt

I Noreg er endra bruk av areal den største årsaka til tap av biologisk mangfald. Vedtak som blir fatta gjennom kommunens arealplanlegging etter plan- og bygningslova er derfor svært viktige for korleis naturmangfaldet blir ivaretake. Endringar i arealbruk kan over tid føre til store endringar i levekåra for ulike plantar og dyr, noko som direkte påverkar det biologiske mangfaldet. Når leveområda til artar blir øydelagt eller redusert, blir bestandane mindre robuste. For å oppretthalde økosystemene er vi avhengige av intakte, robuste og velfungerande økosystem. For 9 av 10 av dei truga artane som er på raudlista, er arealendringar hovudtrugselen.

Klimaendringane endrar livsmiljøet til artane raskare enn dei klarer å tilpasse seg, og det er dei nordlegaste artane som vil oppleve dei største endringane. Artar kan unngå dei største endringane dersom det blir lagt til rette for migrasjon til høgareliggende område eller

nordlegare breidddegrader. Ifølgje raudlista er forureining den nest største årsaka til at artar er truga av utrydding i Noreg. Uavhengig av type eller mengde forureining, har det negativ påverknad på liv.

Framande artar som blir introduserte eller finn vegen til Noreg kan potensielt ha store negative verknadar på artar som lever i Noreg i dag. Dei framande artane kan utkonkurrere lokale artar og spreie seg raskt til nye område.

Overhausting av artar i Noreg er ein stor grunn til at artane på raudlista er truga eller nært truga. Det er ikkje berre eit problem for dei artane som direkte blir hausta. Ved å fjerne eller redusere ein art kan dette påverke andre artar som er ein del av økosystemet.

## 4.2 Øystre Slidre kommune

Utfordringane for naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune er mange og varierte. Her er nokre av dei viktigaste:

- Endra arealbruk: Utbygging av hytter og andre fritidsbustader legg press på naturen. Øystre Slidre er ein av Noregs sterkest veksande destinasjonar med over 4000 fritidsbustader, og mange fleire er under planlegging. Dette kan føre til tap av leveområde for lokale artar.
- Klimaendringar: Klimaendringane påverkar livsmiljøet til artane raskare enn dei klarer å tilpasse seg. Dette er spesielt utfordrande for dei nordlegaste artane som vil oppleve dei største endringane, som vil være aktuelt for vår kommune.
- Forureining: Forureining er den nest største årsaka til at artar er truga av utrydding i Noreg. Uavhengig av type eller mengde forureining, har det negativ påverknad på liv.
- Framande artar: Introduksjon av framande artar kan ha store negative verknadar på dei lokale artane. Dei framande artane kan konkurrere med lokale artar og spreie seg raskt til nye område, eit godt eksempel på dette er blant anna lupinar.

Desse utfordringane krev ei heilsakleg tilnærming og god planlegging for å sikre at naturmangfaldet blir ivaretake i framtida, som er målsetninga å få til med denne kommunedelplanen.

## 5. Naturmangfaldet i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune har et rikt og variert naturmangfald. Kommunen ligg i Innlandet fylke og er kjent for sine vakre landskap, som inkluderer fjellområde, skogar, innsjøar og elver.

### Fjell:

Øystre Slidre har delar av Jotunheimen nasjonalpark, som er kjend for sine høge fjell og spektakulære naturskjønnheiter. Dette området er viktig for bevaring av mange sjeldne og truga artar. Fjellområda gir leveområde for artar som fjellrev, og mange ulike fuglearter. Området er også populært for friluftsliv, med mange turstiar og moglegheiter for klatring og skigåing.

### Skog:

Kommunen har eit variert skoglandskap, inkludert gammal barskog, lauvskog og sumpskog. Desse skogområda er viktige leveområde for mange artar, inkludert sjeldne og truga artar

som storfugl og tretåspett. Skogane i Øystre Slidre er også viktige for karbonlagring og som rekreasjonsområde for innbyggjarane.

#### *Innsjøar og elver:*

Øystre Slidre har fleire innsjøar og elvar som bidreg til det biologiske mangfaldet. Desse vassområda er viktige for fiskebestandar, inkludert aure og røye, og andre vasslevande organismar. Vassdraga gir også leveområde for ulike fugleartar som treng våtmarker.

#### Kulturlandskap:

Kommunen har eit rikt kulturlandskap med beitemarker og seterområde som har vore brukt i hundrevis av år. Desse områda er viktige for bevaring av tradisjonelle landbruksmetodar og det biologiske mangfaldet knytt til dei. Kulturlandskapet gir leveområde for mange insekt og planter som er avhengige av beiting og slått.


*Langsua nasjonalpark:* ligg i eit typisk austnorsk skog- og lågfjellslandskap og strekk seg over fleire kommunar, inkludert Øystre Slidre. Parken vart oppretta i 2011 og dekkjer eit område på 537,1 km<sup>2</sup>. Langsua er viktig for bevaring av urørt natur og inneholder særegne og representative økosystem og landskap. Området er internasjonalt viktig for planten skjeggklokke, og den sjeldne planten *finnmarksstarr* har hovudutbreiinga si i Noreg i Langsua. Parken er også heim for raudlista fugleartar som *myrhauk*, *fjellmyrløpar* og *dobbeltbekkasin*. Alle dei fire store rovdyra besøker området, men berre gaupe har fast tilhald.

For å beskrive variasjonen i naturen i kommunen på ein enkel og oversiktleg måte, kan ein dele kommunen inn i ulike tema som skog, fjell, våtmark, kulturlandskap, og så vidare. Deretter kan ein samle og presentere eksisterande kunnskap om desse tema på ein kortfatta og tilgjengeleg måte for alle.

Ein vil samle informasjon gjennom å studere allereie publisert materiale. Ved å opprette arbeidsgrupper og medverknadsgrupper, samt gjennomføre høyingsrundar i planprosessen, kan ein sikre medverknad og samle lokal kunnskap som ikkje finst i litteraturen.

## 6. Planprosess og framdriftsplan

Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker. Varsel om oppstart av arbeidet blir gjort samtidig, jf. plan- og bygningslova § 4. Ein visuell framstilling av planprosessen er vist i Figur 2.



Figur 2, Visuell framstilling av planprosessen

Arbeidsgruppa i kommunen jobbar kontinuerleg med å vurdere høyringsinnspel. Under høyringa av planprogrammet kan innspel mellom anna omfatte forslag til nye tema eller endringar av desse, dagens tilstand på naturen eller ønskje om medverknad.

Planprogrammet blir deretter handsama av teknisk komité, som så legg fram forslag til kommunestyret. Den endelege fastsetjinga blir gjort i kommunestyret. Når planprogrammet er fastsett, startar arbeidet med naturmangfaldplanen.

Framdriftsplan	
Varsel om oppstart m/ Planprogram i seks veker	7. februar – 21. mars
Fastsetting av planprogram i teknisk komité og kommunestyre	8. mai
Naturkartlegging	Juni-juli 2025
Kartleggingsrapport	August 2025
Planutkast på høyring i seks veker	Siste halvdel september
Vedtak av naturmangfald plan i kommunestyret (via teknisk komité)	18. Desember 2025

## 7. Medverknad

Ein viktig del av planprosessen er å identifisere behovet for meir kartlegging og kunnskap, samt område som treng ekstra undersøking. For å få til dette, er det viktig å få aktiv deltaking frå både enkeltpersonar og organisasjonar for å samle inn mest mogleg verdifulle lokalkunnskap.

Lokalkunnskap vil bli ein viktig kjelde i dette planarbeidet, og lokale grupper, foreiningar og andre vil bli invitert til å bidra i dette arbeidet. Ved å opprette arbeidsgrupper og medverknadsgrupper, samt gjennomføre høyringsrundar i planprosessen, kan ein sikre medverknad og samle lokal kunnskap som ikkje finst i litteraturen.

### Aktuelle høyringspartar:

- Statsforvaltaren i Innlandet
- Innlandet fylkeskommune
- Valdres Natur og Kulturpark
- Øystre Slidre Bondelag
- Øystre Slidre Bonde- og småbrukarlag
- Øystre Slidre fjellstyre
- Naturvernforbundet i Valdres
- DNT Valdres
- Grunneigarlag, beitelag, sameiger og tamreinlag
- Valdres friluftsråd
- Norsk ornitologisk foreining / Birdlife Norge
- Norsk botanisk foreining
- Sabima
- Jotunheimen nasjonalpark
- Langsua nasjonalparkstyre